



Arkivnr: 2016/671-9
Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld

Saksframlegg

Saksgang

Utval for kultur, idrett og regional utvikling	16.03.2016
Fylkesutvalet	17.03.2016

Søknad om tilskot til kjøp av arbeidsbåt til Fitjarøyane

Samandrag

Friluftsrådet Vest søker i brev av 21. januar 2016 om kr 150.000 i tilskot til kjøp av arbeidsbåt stasjonert på Fitjarøyane.

Friluftsrådet Vest har eit godt samarbeid med Fitjar kommune sitt brannvesen om bruk av eksisterande båt. Denne båten er ikkje lengre funksjonell for alle typar oppdrag pga. manglande motorkraft og lastekapasitet. Dei har såleis tinga ein ny arbeidsbåt som vert levert i løpet av våren 2016. Denne skal uniformerast slik som båtane i Vestkystparken og vil vere ein viktig ressurs i arbeidet med å forvalte friluftsområda i Sunnhordaland, oppsyn og andre oppdrag.

Samla kostnad for ny arbeidsbåt er kr 850.000. Fitjar kommune bidreg med kr 325.000 og salsverdi av to innbyttebåtar/ eigne midlar kr 375.000.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 150.000 i tilskot til Friluftsrådet Vest til innkjøp av arbeidsbåt til Fitjarøyane.

Budsjettet vert endra slik:

Konto 10.400.450.00.14700 Tilskot til friluftsføremål aukar med kr 150.000

Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 150.000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør, kultur, idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.02.2016**Bakgrunn**

Friluftsrådet Vest søker i brev av 21. januar 2016 om kr 150.000 i tilskot til kjøp av arbeidsbåt stasjonert på Fitjarøyane.

Friluftsrådet Vest har sidan 2009 hatt ein mindre arbeidsbåt stasjonert i Fitjar for drift av områda i skjergarden der, slik som Teløy, Smedholmen, m.fl. Dei har hatt eit godt samarbeid med Fitjar kommune sitt brannvesen som har nytta båten til oppdrag i samband med ulukker og branntilløp. Begge partar har ved fleire høve opplevd at eksisterande båt har hatt for liten lastekapasitet og motorkraft ved ulike oppdrag, t.d. ved utrykking til drukningsulykker der ein skal ha med dykkarutstyr og personell.

På bakgrunn av dette har Friluftsrådet Vest i samråd med Fitjar kommune, tinga ein ny arbeidsbåt som skal leverast våren 2016. Det er ein 23,5 fot Arronet m/hytte og bauglem og 225 HK Yamaha motor. Arronet er ein båttype som blir produsert i Sverige, og den blir brukt av Redningssselskapet og Statens Natur Oppsyn. Den er svært solid har god drivstofføkonomi og kapasitet.

Båten vert uniformert slik som båtane i Vestkystparken, og den vil vere ein viktig ressurs i arbeidet med å forvalte friluftsområda i Sunnhordland, til oppsyn og andre oppdrag.

Samla kostnad for ny arbeidsbåt er kr 850.000. Det vert finansiert ved at Fitjar kommune bidreg med kr 325.000 og salsverdi av to innbyttebåtar/ eigne midlar kr 375.000; «Kari I» og ein mindre arbeidsbåt dei har hatt stasjonert i Nord-Rogaland. Friluftsrådet Vest søker om kr 150.000 i tilskot frå Hordaland fylkeskommune.

Vurdering

Fylkestinget tildelte i 2005 kr 1 mill. og i 2013 kr 1 mill. til nye arbeidsbåtar til Bergen og Omland friluftsråd, og i 2012 kr 1 mill. til ny arbeidsbåt til Friluftsrådet Vest. Desse båtane er eit avgjerande arbeidsverktøy for å kunne drive ein effektiv forvaltning med god tilrettelegging av regionalt viktige friluftsområder. Fylkesrådmannen tilrår såleis fylkesutvalet til å løyve midlar til Friluftsrådet Vest til kjøp av arbeidsbåt stasjonert på Fitjarøyane.